

# Søknad til dugnadsfondet

Frå Fedje IL

Til Fedje Kommune

## SØKNAD OM STØTTE FRÅ FEDJE KOMMUNE SITT DUGNADSFOND

Fedje IL har eit tett samarbeid med Fedje Fleirbrukshall i høve utvikling av tilbod, oppdatering og vedlikehald av utstyr og aktivitetar i hallen. Me er med på å skape dei store og små augeblikka i kvardagen til små og store på Fedje. Me er med og bidreg med både dugnadstimar og pengar. Alt dette plasserast der våre medlemmer er aktive.

Me i Fedje IL ser ein særdeles stor auke i bruken av treningsrommet (Styrkerommet) i hallen. Rommet har eit minimum når det gjeldt utstyr, og me ser at det er eit behov for å utvikle oss. Me ser at treningsapparat er utslitt på grunn av det er godt brukt, noko som eigentleg er veldig bra.

Me i Fedje IL vil gå i lag medstyret i Fedje Fleirbrukshall og kjøpe inn to nye apparat og servicekit for kr 35.000kr.

I det høvet søker me dugnadsfondet for kr. 12.000.

Me håpar på positivt svar!

Beste helsing Martin Karlsen, på vegne av Fedje IL